



Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912 SEIM

Referanser:

Dykker:

Vår: 19/2634 - 19/34304

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

21.11.2019

## Svar på søknad om utvidet bruk av eksistrene avkjørsle - gbnr 65/18 Myksvoll nedre

**Tiltak:** Avkjørsle til bustad  
**Byggestad:** Gbnr 65/18 Myksvoll nedre  
**Tiltakshavar:** Kjetil og Anette Wassberg  
**Ansvarleg søker:** Knut Willie Jacobsen

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg.


### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for etablering av einebustad på gbnr 65/18. Avkjørsle vert i dag nytta som tilkomstveg for fritidsbustad på gbnr 65/18 og gbnr 65/9. Fritidsbustad på gbnr 65/18 skal rivast og erstattast med einebustad.

#### Vurdering/drøfting:

Eksisterande avkjørsle er etablert på skrå mot kommunal veg. Dette gjer at avkjørsla er svært uoversiktlig. Førar av kjøretøy må snu seg for å kunne sjå om det kjem kjøretøy frå venstre. Fører vil då lett miste oversikt over trafikkbilete i kommunevegen. Ved å setje krav til sikt og plassering av avkjørsler skal vegmynde sikre tryggleiken til alle som ferdast i og langs kommunevegen. For å få ei så god og trafikksikker avkjørsle som mogleg, bør avkjørsler være etablert mest mogleg vinkelrett på communal veg.



#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### Samandrag/konklusjon:

Lindås kommune ved vegavdelinga avslår søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle slik søknad ligg føre. Grunngjeving for avslag er at avkjørsle er for uoversiktlig til å kunne nyttast som tilkomstveg til bustad. Avkjørsla stettar ikkje krav til svingradius og sikt (jf forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg»).

Vi vil informere om at Lindås kommune kan vurdere søknad på nytt dersom avkjørsle vert flytta slik at den kan etablerast meir vinkelrett på kommunevegen. Ved ei eventuell flytting bør ny veggtilkomst etablerast på bakside av løa. Dersom De ønskjer å få handsama ei slik løysing, må De sende inn nytt situasjonskart (som viser plassering av avkjørsle, svingradius og siktsone, samt veggtilkomst til bustad). Ved ny plassering ønskjer kommunen at det vert lagt ved lengdesnitt som viser linjeføring i avkjørsle (stigningsforhold).

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4. ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Anette Wassberg	Titlandsvegen 85	5912	SEIM
Kjetil Wassberg	Titlandsvegen 85	5912	SEIM

### **Mottakarar:**

Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
----------------------	--------	------	------